

MØTEPROTOKOLL

Utdanningsutval HVL

Dato: 09.11.2018 kl. 12:30
Sted: Skype
Arkivsak: 18/07914

Tilstede: Bjørg Kristin Selvik, Brit Julbø, Gunn Haraldseid, Johanne Marie Trovåg, Anne-Grethe Naustdal, Øyvind Hatland, Frida Bjørlo Øien, Halvor Austenå

Møtende
varamedlemmer:

Forfall: Turid Bogetvedt Hitland

Andre: Lene Borgen Waage sak 11/18, Ola Alsterholm sak 12/18

Protokollfører: Bente Sønsthagen, Avdeling for utdanningskvalitet

SAKSKART			Side
Vedtaksaker			
11/18	18/07500-5	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
12/18	18/04252-36	Prosjekt for utvikling av system for kvalitetsarbeidet ved HVL – utkast til rammeverk etter høyring	3
13/18	18/04252-9	Arbeid med kvalitetshandbok – behov for prosessskildringar på samordning, samanslåing og nedlegging av studieprogram	5
14/18	18/08376-2	Innspel til NOKUT sitt framlegg om ny akkrediteringsprosess	6
15/18	18/07500-7	Revisjon av forskrift om studium og eksamen – drøfting av kva ansvar som bør delegerast til utdanningsutvalet	7
16/18	18/07500-8	Møteplan Utdanningsutvalet våren 2019	8

Orienteringssaker			
7/18	18/03367-4	Oversendelse av dokumentasjonskrav til periodisk tilsyn med Høgskulen på Vestlandets kvalitetsarbeid	9
8/18	18/07500-6	Munnlege orienteringar	9

Sted, 09.11.2018

Bjørg Kristin Selvik
møteleiar

11/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	09.11.2018	11/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Utdanningsutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

12/18 Prosjekt for utvikling av system for kvalitetsarbeidet ved HVL – utkast til rammeverk etter høyring

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	09.11.2018	12/18

Forslag til vedtak/innstilling:

- Utdanningsutvalet godkjenner utkast til rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane i HVL med dei merknadene som kom fram i møte. Prosjektgruppa blir bedt om å innarbeide merknadane i dokumentet før styrehandsaminga. Prorektor for utdanning får fullmakt til å godkjenne endeleg utkast til rammeverk før det blir sendt til handsaming i høgskulestyret.
- Utdanningsutvalet vedtar at Prorektor for utdanning kan godkjenne endringar i kvalitetshandboka.
- Utdanningsutvalet ber prorektor for utdanning sikre at det blir sett av midlar til arbeid med kvalitetskultur (konferanse, seminar osv, Utdanningskvalitetspris) og til arbeidet med implementering av rammeverket på HVL (delprosjekt 4).
- Utdanningsutvalet vedtar at Rammeverket og kvalitetshandboka blir revidert etter NOKUT sitt tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet er gjennomført, og seinast i løpet av 2020.

Møtebehandling

Prosjektleiari Lene Borgen Waage presenterte nytt utkast til rammeverk og løfta opp konkrete problemstillingar til drøfting.

-Skal det vere ein studieadministrativ koordinator knytt til kvart studieprogramråd? Legge inn ein formulering om dette i rammeverket, men løfte behov for ressursar til dette i styresaka. Rollene til studirettleiari og rådgjevarar ved fakulteta bør bli tydlegare i rammeverket. Det kom også innspel om brukarrepresentant i studieprogramråda der det er naturleg.

-Campusdimensjonen – bør det bli stilt krav om stadleg koordinator/kontaktperson på alle campus?

Kan vere ein «drahjelp» at dette er presisert på studiestadnivå i rammeverket, men det viktigaste vil vere å gjere dette klårt med omtale av ansvar og rutinar knytt til dette i kvalitetshandboka.

-Er praksis tilstrekkeleg belyst, eller er det nok med omtale av dette i kvalitetshandboka?

Må legge inn ein setning med ei tydlegare formulering under kvalitet i emne, elles er det naturleg at detaljane her kjem i kvalitetshandboka.

Under periodiske evalueringar må det ikkje leggjast inn strengare krav enn nødvendig, for å unngå å gjere ting for komplisert og uhandterleg. Det er for tidleg med ei konkret formulering om formelle organ for samspel med arbeidsliv og samfunn på institusjonsnivå. Foreslår å ta inn samfunn og arbeidsliv som eit eige punkt under sentrale funksjonar i staden.

Det kom innspel om å konkretisere meir innleiingsvis kva vi legg i omgrepet kvalitet. Tekstframlegg vert sendt frå medlemmane i etterkant av møte. Elles er det viktig å sikre at ein er konsekvent i omgrepsbruken gjennom heile dokumentet.

Vedtak

- Utdanningsutvalet godkjenner utkast til rammeverk for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane i HVL med dei merknadene som kom fram i møte, og eventuelle skriftlege tilbakemeldingar etter møtet. Prosjektgruppa blir bedt om å innarbeide merknadane i dokumentet før styrehandsaminga. Prorektor for utdanning får fullmakt til å godkjenne endeleg utkast til rammeverk før det blir sendt til handsaming i høgskulestyret.
- Utdanningsutvalet vedtar at Prorektor for utdanning kan godkjenne innhaldet og endringar i kvalitetshandboka. Mandat for studieprogramråd og statuttar for utdanningskvalitetspris skal godkjennast av utdanningsutvalet før publisering i kvalitetshandboka.
- Utdanningsutvalet ber prorektor for utdanning sikre at det blir sett av midlar til arbeid med kvalitetskultur (konferanse, seminar, Utdanningskvalitetspris osv) og til arbeidet med implementering av rammeverket på HVL (delprosjekt 4).
- Utdanningsutvalet vedtar at Rammeverket og kvalitetshandboka blir revidert etter NOKUT sitt tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet er gjennomført, og seinast i løpet av 2020.

13/18 Arbeid med kvalitetshandbok – behov for prosess-skildringar på samordning, samanslåing og nedlegging av studieprogram

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	09.11.2018	13/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Utdanningsutvalet drøftar kva som er den beste arbeidsmåten for å lage gode prosess-skildringar på desse områda, kven som bør vere deltakarar og kven som skal godkjenne desse.

Møtebehandling

Ola Alsterholm orienterte om korleis ein har arbeidd med prosesskartlegging i HVL. Utdanningsutvalet ga tilbakemelding om at det er viktig å sjå dette i samanheng med arbeidet som blir gjort i arbeidsgruppa for modell for studieportefølje, og ønsker ei bestilling med litt bakgrunnsinformasjon og estimert omfang frå avdelingsleiar for utdanningskvalitet som kan vidareformidlast når ein skal rekruttere representantar frå fakulteta.

Vedtak

Avdelingsleiar for utdanningskvalitet sender ut meir informasjon og estimert omfang av arbeidet til fakulteta. Dei melder inn kven som kan delta i gruppa frå sine fakultet til avdelingsleiar for utdanningskvalitet, og ber om at ei slik prosess-skildring blir gjennomført etter at modell for studieportefølje er vedteken.

14/18 Innspel til NOKUT sitt framlegg om ny akkrediteringsprosess

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	09.11.2018	14/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Utdanningsutvalet tek framlegg til ny akkrediteringsprosess til orientering og ber prorektor for utdanning gje innspel etter drøftingar i utvalet.

Møtebehandling

- Det er fleire fakultet som har planar om å sende inn akkrediteringssøknadar i løpet av 2019, men det er usikkert om nokon av desse eventuelt kan vere pilot.
- Må stille spørsmål om omfanget av oppgåver som bli overført til institusjonane i den nye ordninga, og om det då skal følgje ekstra tildelingar med tfor å følgje dette opp. Det opplevast ikkje som forslaget til modell reelt gir institusjonane større rettigheitar, noko som er sagt er intensjonen.
- Det er uklart korleis den eksterne komiteen skal få rettleiing undervegs i vurderingsprosessen, og om NOKUT kan følgje dei opp under arbeidet.

Vedtak

Utdanningsutvalet tek framlegg til ny akkrediteringsprosess til orientering og ber prorektor for utdanning sende innspel i samsvar med drøftinga i utvalet.

15/18 Revisjon av forskrift om studium og eksamen – drøfting av kva ansvar som bør delegerast til utdanningsutvalet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	09.11.2018	15/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Utdanningsutvalet drøftar forslaga frå avdelingsleiar for utdanningskvalitet, og ber om at innspela vert tatt vidare i arbeidet med revisjon av forskrifta.

Møtebehandling

Utdanningsutvalet kom med desse innspela til arbeidsgruppa (foreslått endring vist med understrek):

§ 3-2. Oppretting og nedlegging av studieprogram og emne. Fagleg ansvar

(1) Oppnemning av studieplankomité

- a. Dekan nemner opp studieplankomité og gir mandat for arbeid med studieplanar for nye bachelor- og master- og ph.d.-program.

(2) Godkjenning av nye studieplanar

a. Utdanningsutvalet gjer vedtak om godkjenning av nye studieplanar med eit omfang på over 60 studiepoeng. Dekan eller egna utval på fakultetet godkjenner nye og reviderte emne i etablerte studieprogram på masternivå og ph.d.-nivå.

b. Dekan gjer vedtak om godkjenning av nye studie- og emneplanar med eit omfang på til og med 60 studiepoeng.

Utvalet slutta seg til resten av forslaga i saksutgreiinga.

Votering

Frida Bjørlo Øien meldte at ho var ueinig i at godkjenning av emne på master og ph.d nivå skal godkjennast av dekan.

Vedtak

Utdanningsutvalet ber om at innspela vert tatt vidare i arbeidet med revisjon av forskrifta.

16/18 Møteplan Utdanningsutvalet våren 2019

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utdanningsutval HVL	09.11.2018	16/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Utdanningsutvalet godkjenner møteplan og førebels sakliste for våren 2019.

Vedtak

Utdanningsutvalet godkjenner møteplan og førebels sakliste for våren 2019. Dato for møte i april må fastsetjast etter at datoane for tilsynet til NOKUT er fastsatt.

<u>Saknr</u>	<u>Arkivsak</u>	<u>Tittel</u>
7/18	18/03367-4	<p>Oversendelse av dokumentasjonskrav til periodisk tilsyn med Høgskulen på Vestlandets kvalitetsarbeid:</p> <p>Björg Kristin orienterte om planlagt prosess. Fakulteta meldte tilbake at dei ønsker klare bestillingar med tydlege fristar.</p>
8/18	18/07500-6	<p>Munnlege orienteringar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeid med studieportefølje: orientering frå møte i arbeidsgruppa. - Ymse: Anonyme undersøkingar/ emneevalueringar hausten 2018: Det er utarbeida ein mal for dette som blir lagt inn i SurveyXact.